

Årsmelding 2016

Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus



Ved inngangen til 2016 gjekk styret for Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus inn for eit løft for styrt utvikling. Vi prioriterte arrangement og søknadsarbeid, og hadde høg aktivitet gjennom året: vi arrangerte eigne litterære arrangement, hadde kafé og bokhandel kvar laurdag gjennom store delar av hausten, Litteraturhus og bar under Litteratursymposiet og leigde ut huset oftare enn tidlegare år. Eigeninntektene var monaleg høgare enn tidlegare, og vi har vist at vi kan tene pengar i stiftelsen.

ØKONOMI

Vedlagt følger regnskap utkjørt pr. 31.12.16 som viser et overskudd på kr. 205.324,-, mot eit resultat på kr. - 45.358 i 2015. Merk: Rekneskap er ikkje revisorgodkjend enno.

DRIFT

Stiftinga Sentralbadet Litteraturhus har etablert eit dedikert venelag som stiller opp på dugnader, anten det gjeld byggjearbeid, gjennomføring av arrangement og vak/tilsyn med huset. Saman med eit arbeidande styre og ein vaktmester på NAV-tiltak har vi no eit driftssystem som fungerer på sitt vis.

Fung. styreleiar Ingvild Ystanes hadde hovudansvar for å drifte huset, hatt ansvar for økonomien og arrangement i nært samarbeid med dei andre. Eit honorar på kr 40 000,- vart bet. ut for søknadsarbeid og arbeid 2016. Ho har jobba i nært samarbeid med dei øvrige styremedlemene som har fordelt oppgåver seg i mellom (venelagskontakt, utleige, teknisk ansvarleg, vertskap, arrangement m.m.)

Vi har ikkje faste driftsmidlar anna enn 11500,- frå Odda kommune, og baserer drifta på utleige og arrangement.

ARRANGEMENT

Fritt ord løyvde i mars 100 000,- til ei arrangementsserie i litteraturhuset i 2016. Vi gjennomførde 5 eigne litterære produksjonar i 2016. Ambisjonen er eit månadleg arrangement.

INVESTERINGAR

Parallelt med å auka aktiviteten ser vi eit behov for å utrusta huset betre. Huset er midlertidig utrusta, men det er krevjande å gjennomføre arrangement, då ein del utstyr manglar. Vi har prioritert å få på plass ein del utstyr som kan gjere huset meir bruksvenleg, og stiftinga sjølvforsynt med utstyr: lyd, bord og stolar, kjøkenutstyr o.l.

SØKNADAR

Vi fekk tilsagn på 900 000 til vidare byggjearbeid (HFK), 250 000 til mindre investeringar i bygget (Norsk kulturråd, Odda kommune sitt næringsfond, Sparebankstiftinga Hardanger), 100 000 til arrangementsrekke (Fritt ord) og 100 000 i gåve som frie midlar frå Sparebanken Vest sitt hjartebankfond.

AKTIVTETAR / MILEPÆLAR 2016:

- Nettsida www.sentralbadet.com operativt
- Drift av mini-bokhandel
- Lurdagskafé og arrangement hausten 2016
- Investeringar utført: lydanlegg installert.
- Venelaget har vore vertskap for eit Liv & lyst-prosjekt: kultur og aktivitetar i sentrum.
- Vertskap for andre sine arr: Hardanger musikkfest, Jernrosa politiske litteraturfestival, Litteratursymposiet i Odda, NVIM sine salongpratar m.m.
- Mykje utleige til: møter, infomøte, kurs, konfirmasjonar, andre selskap.

VEGEN VIDARE

Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus har vore drive på dugnad sidan 2011. Det har gitt gode resultat, men det er no prekært å profesjonalisere drifta og løfte satsinga vidare. No står vi ved eit vegskille, der det er behov for å løfte arbeidet opp eit nivå. Det er særleg tre behov som er prekære:

- Få å plass dagleg leiar. Organisere vertskap.
- Ressursar til søknadsarbeid
- Utvikla organisasjonen og partnerskapsmodellar